




Lisbet Friche og Keld Petersen



Morosame dagar med  
**CAMILLA & MORTEN**



Møller kompetansesenter





Morosame dagar med  
**Camilla og Morten**



flagg



jente



gut



vener



NORSK



teiknspråk




norsk



Her er Morten og Camilla. Camilla er døv. Ho bruker teiknspråk.  
Morten er tunghøyr. Han snakkar norsk, men kan også bruke teiknspråk.  
Camilla og Morten skal begynne i 2. klasse.



ny lærer




ny elev



rektor



velkommen




gymnastikksal



mange barn på samme joru,  
det er vi, det er vi,  
morgendagens søsken.

- Som søsken av jorden,  
Bror Sol, Søster Vind,  
står du og jeg sammen med  
kinn imot kinn.  
Jeg tar din hånd og rekkes  
mot mine som  
smiler

Mange øyne



Første dagen etter sommarferien samlast alle barn og vaksne i gymnastikksalen. Rektor ønskjer velkommen til gamle elevar og presenterer nye elevar og lærarar.



Afghanistan



spennande



sjenert



CI




tørkle



muslim








Det kjem to nye elevar i klassen til Camilla og Morten. Den eine er Mikkel. Han har CI.  
Den andre er Latifa. Latifa er frå Afghanistan. Det er spennande å få nye kameratar i klassen.  
Mikkel og Latifa er litt sjenerte.



bilete



skrive for hand



bondegard



skrive på datamaskin




plakat



modell





Skuleåret er i gang. Morten og Camilla har mange norsktimar. I nokre av norsktimane arbeider dei med eit prosjekt om bondegarden. Dei har stasjonsarbeid.



overhead



Sjø

Mor

Far


Bil



stave





ord




lesebok




I andre timar har dei diktat og lesing.



pluss



terning



I matematikk lærer Camilla og Morten å leggje saman og trekkje frå.



månad

Januar  
Februar

Mars

April

Mai

Juni

Juli

August

September

Oktober

November

Desember




morosam



år





Dei fleste skuledagane er nokså like, men det er og nokre dagar som er annleis. No skal du få høyre om nokre morosame dagar som Camilla og Morten opplever i løpet av skuleåret.




volleyball



stein



spade



badetøy



sand





I august er det veldig varmt. Heile skulen dreg til stranda for å leike og hyggje seg.  
Barna sym og leikar i sanden.



hauste



stall



traktor




besøke




korn





Ein dag skal klassen besøke ein bondegard. Dei ser kornet bli hausta, og dei ser alle dyra på garden.



ljå



tolkar



monter




rive



myntar



plog



Seinare skal barna besøke eit landbruksmuseum og sjå på gamle ting. Mannen fortel om tinga, og læraren deira tolkar til teiknspråk.



rytme



musikk



støy



klappe








Ein annan dag er det skulekonsert. Tre musikarar spelar på alt mogleg: Kjøkkenting, vaskebaljar, oljetønner, plastikkposar og mykje anna merkeleg. Dei trampar også, så golvet i gymnastikk-salen vibrerer, og alle barna kan merke rytmen.



kilometer



mosjon



springe



sykle




diplom




gå på rulleskøyter





Dagen før haustferien er heile skulen med på Skulane sitt Mosjonsløp. Somme barn spring, somme sykklar, og somme går på rulleskøyter. Barna i klassen til Morten og Camilla spring 5 kilometer.





I november har skulen besøk av eit teater. Alle skodespelarane bruker teiknspråk. Dei spelar eit morosamt stykke om sjørøvarar.



jul



flette



julepynt



hjarte



korg



juletre




lenke



No er det snart jul. Barna i 2. klasse lagar julepynt og pyntar i klasserommet.



CD-spelar



musikk



krans



lys




synge



opptog








Den 13. desember er det Luciadag. I år er det 2. klasse som skal lage Luciaopptog.  
Camilla er Lucia.



prest




Betlehem



engel




stjerne



bibel



sau




Siste skuledag før jul er heile skulen i kyrkja. Presten fortel juleevangeliet, og 3. klasse spelar krybbespel.



akebrett



bakke



søppelsekk



skøyter



trekkje



snømann





Det er vinter no, og det er mykje snø. Klassen har avtalt at alle skal ha med akebrett i dag, fordi dei skal på aketur.





fastelavn



tønne



maske



brus



krone



troll





Når dei har karneval, kler barna seg ut. Dei skal prøve å slå katten ut av tønna. Morten er heldig og klarer det. Han blir katteronge. Etterpå et dei fastelavnsbollar og drikk brus.



påske



overrasking



påskeegg



gøyme



leite




finne



vår







Dagen før påskeferien får barna ei overrasking. Dei skal leite etter påskeegg som er gøymde på leikeplassen.



dans



song




sysken



foreldre







I april er det skulefest, og klassane underheld. 2. klasse har øvd seg på ein song på teiknspråk og ein dans. Foreldre og sysken til barna er med på festen.



orienteringsløp



grill



pølser



brød



kaffi




kake






På slutten av skuleåret besøker foreldre og sysken skulen igjen. No er det hyggjekveld i klassen. Det vert servert grillpølser, hamburgerar og brød. Etterpå er det orienteringsløp for vaksne og barn.



dyrehage



tur



vill



sjøløve




tiger



papegøye




elefant






I dag er 2. klasse på tur til dyrehagen. Det er varmt, så tigrane og løvene er veldig late, men sjøløva hoppar høgt opp i lufta for å få ein fisk. Hos elefantane er det ein ny unge.








Like før sommarferien er det aktivitetssdag på skulen. Alle barna blir delt i grupper, der store og små elevar er saman og skal hjelpe kvarandre. Dei skal finne ut av ulike morosame og rare oppgåver.



vasskrig




karamellar



fotballkamp



heiar



avgangselevar





Siste skuledagen før sommarferien spelar avgangselevane fotballkamp mot lærarane. Alle barna heiar på kameratane sine, og lærarane taper som vanleg.



vitnemål




gratulerer




rose



halde tale



Etterpå samlast heile skulen i gymnastikksalen. Dei store barna som sluttar på skulen, får vitnemål og ei rose. Alle ønskjer kvarandre ein god sommarferie.



Frankrike

campingtur



hytte




reise



late seg



telt



No skal Camilla og Morten ha sommarferie. Morten skal på hytta, og Camilla skal på campingtur til Frankrike. Dei gleder seg til å sove lenge og ha fri.

## Morosame dagar med Camilla og Morten

©Døveskolernes Materialecenter, Aalborg 2006.

Originaltittel: Sjove dage med Camilla og Morten

Tekst: Lisbet Friche og Keld Petersen

Illustrasjoner: Keld Petersen

Tilrettelegging, Dtp: Keld Petersen

Oversatt fra dansk av Ivar Kimo

Tilrettelegging av norsk utgave: Mette Eid Løvås

og Torleif Strand

© Møller kompetansesenter, Trondheim 2009

ISBN: 978-82-7812-162-7

1. utgave – 1. opplag

Trykt hos: tapir uttrykk

Utgiver

Møller kompetansesenter

Postboks 175 Heimdal – 7473 Trondheim

Tlf. 72596500 [moller@statped.no](mailto:moller@statped.no)

[www.statped.no/moller](http://www.statped.no/moller)





## Morosame dagar med Camilla og Morten

følgjer 2. klasse på døveskulen gjennom eit heilt skuleår.  
Camilla er döv, og Morten er tunghøyrd.  
Sjå kva som skjer i løpet av året.



Møller kompetansesenter

Statlig spesialpedagogisk støttesystem